

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer

FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 20.01.2016

SAKSHANDSAMAR: Kristin Osland Lexow

SAKA GJELD: **Protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF 16. desember 2015**

ARKIVSAK: 2015/1290

STYRESAK: **010/16**

STYREMØTE: 10.02.2016

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek protokollen til etterretning.

Oppsummering

Onsdag 16. desember 2015 vart det halde felles føretaksmøte i dei regionale helseføretaka. Møtet vart gjennomført som telefonmøte.

Føretaksmøtet vedtok at driftskredittramma for Helse Vest RHF vert sett ned med 452 mill. kroner frå 1 623 mill. kroner til 1 171 mill. kroner.

Fakta

Følgjande saker blei behandla:

Sak 1 Føretaksmøtet blir konstituert

Sak 2 Dagsorden

Sak 3 Endring i driftskredittramma

Føretaksmøtet viste til Stortinget si handsaming av Prop. 27 S (2015-2016) Endringer i statsbudsjettet 2015 under Helse- og omsorgsdepartementet. Her er det vedteke å sette ned driftskredittramma til dei regionale helseføretaka med 2 380 mill. kroner frå 8 576 mill. kroner til 6 196 mill. kroner ved utgangen av 2015. Endringa skuldast at pensjonspremien er 2380 mill. kroner lågare enn tidlegare antatt i 2015. Helse Vest RHF sin del av nedjusteringa utgjer 452 mill. kroner. Helse Vest RHF si ramme for driftskreditt pr. 31.12.2015 blir redusert frå 1 623 mill. kroner til 1 171 mill. kroner.

Handteringa føreset at det ikkje blir nytta midlar frå premiefond til å betale pensjonspremiar for 2015.

